



Planrapport 2016

Regional og kommunal planlegging



OM PLANEN

Planen er utarbeidd av planseksjonen, Hordaland fylkeskommune

Førstesidebilde: Osøyro, fotografert av Anne-Katrine Vabø
Ansvarlege: Hanne Kathrin Vie og Nina Gjester Hoel

INNHALD

INNHALD	3
Føreord	4
1 Regional planlegging.....	5
1.1 Regional planstrategi	5
1.2 Planar vedteke i 2016	6
1.3 Gjeldane regionale planar.....	7
1.4 Regionale planar under arbeid i 2016.....	8
2 Kommunal planlegging.....	9
2.1 Kommunal planstrategi	9
2.2 Kommune– og kommunedelplanar.....	10
2.1 Reguleringsplanar.....	13
2.2 Motsegn frå regionale organ.....	21
3 By- og tettstadsutvikling	23
4 Rettleiing og kompetanseutvikling	24

Alle bilete i rapporten er Hordaland fylkeskommune sine egne.

Føreord

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Gjennom regional planrapport skildrar fylkeskommunen status for regional og kommunal planlegging i Hordaland for 2016, sett i samanheng med tidlegare år. I rapporten er det særleg dei arealretta regionale og kommunale planar som får merksemd.

Planrapporten rettar seg mot alle som er interessert i regional og kommunal planlegging, til dømes politikarar, forvaltning, planleggarar, studentar eller andre som er interesserte i dette feltet. Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, Hordaland Fylkeskommune sin eigen statistikk over inkomne planar på høyring, politiske saker og Fylkesmannen sin årsrapport for 2016.

Innan regional planlegging var det i 2016 fokus på arbeidet med ny regional planstrategi. Denne vart vedteken i desember 2016. Fylkeskommunen hadde samstundes to regionale planar under arbeid . Begge planane var ved utgangen av 2016 inne i dei siste fasane og det er venta vedtak av desse i 2017.

Innan kommunal planlegging syner tala frå 2016 at det ar ein auke i talet reguleringsplanar på høyring, medan talet reguleringsplaner til oppstart gjekk ned. Det var ein auke i talet motsegn til kommunale planer på høyring.

Hordaland fylkeskommune har mål om å vere i dialog i utviklinga av hordalandsamfunnet. Regionalt planforum har vore ein viktig møtestad for kommunar og andre forvaltingsorgan for planar som er under arbeid. I 2016 vart ni planar drøfta i planforum

Bergen,

Marit Rødseth

Plansjef, Planseksjonen, Regionalavdelinga

1 Regional planlegging

1.1 Regional planstrategi


Fylkeskommunen skal vedta regional planstrategi for kvar fylkestingperiode. Den regionale planstrategien er ein overordna utviklingsplan for fylket dei neste fire åra. Ny regional planstrategi vart vedteken i fylkestinget i desember 2016. Planen har langsiktig mål som gjev at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Hovudmåla i planen er at Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima –og miljøvennleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Dei langsiktige måla har tidshorisont ut over 2020 og er referansebakgrunn for å vurdere kva utfordringar fylket står ovanfor på både kort og lang sikt. Hovudmåla er utforma ut frå den aktuelle situasjonen no, og kva fokus fylket skal ha i perioden 2016-2020 for å oppnå dei langsiktige måla.

Gjennom den regionale planstrategien vert det definert kva slags nye regionale planar som skal startast opp, kva planar som skal reviderast og kva planar som skal vidareførast:

- Revisjon av regional klima – og energiplan
- Vedtak av regional plan for areal og transport i Bergensområdet og regional plan for areal og transport for Haugalandet
- Ny regional plan for knutepunkt for godshamn
- Revisjon av regional transportplan
- Ny regional plan for areal, natur –og kulturminneinteresser.
- Revisjon av Regional plan for små vasskraftanlegg
- Revisjon av regional plan for Hardangervidda
- Revisjon av regional plan for vassregion Hordaland



1.2 Planar vedteke i 2016

Regional plan for Haugalandet

Haugalandsplanen (Regional plan for areal og transport på Haugalandet) er eit samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Planen vart vedteken i Hordaland fylkesting i oktober 2016.


Etter at planen vart vedteken, har Tysvær, Bokn og Karmøy kommunar kome med innvendingar til planen etter § 8-4 i plan- og bygningslova. Delar av planen må difor bli handsama av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Inntil vidare har dei ikkje endeleg verknad. Andre deler av planen har tredd i kraft.

Hovudmåla med den Regional plan for areal og transport på Haugalandet er å legge til rette for vekst og utvikling slik at Haugalandet står fram som ein attraktiv region for både innbyggjarar og næringsliv.

Gjennom planen vert det gjeve mål, strategiar og retningslinjer for å oppnå dette. Måla som er definerte skal vere med på å styrke by-, tettstad- og grenseutviklinga i regionen. Det er mål om å bygge slik at det vert korte avstandar til daglege gjeremål med auka fokus på gange, sykling og kollektivtransport.

Måla i planen er:

- Attraktiv, synleg og robust region
- Urbant bysentrum
- Levande og velfungerande tettstads og grendesentrum
- Kompakt utbyggingsmønster
- Effektiv, enkel forutsigbar og miljøvenleg transport
- Knytte regionsenter saman
- Gode bu- og nærmiljøkvalitetar og god tilgjenge
- Langsiktig bruk og vern



1.3 Gjeldane regionale planar

Regional planlegging ligg til grunn for fylkeskommunal verksemd, og skal vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statleg verksemd i fylket. Regionale planar kan ha rettsverknad ovanfor kommunane og private dersom det er knytt føresegner til planen.

Plan	Vedteken	Merknad
Regional plan for Vassregion Hordaland	2015	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	2014	
Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	2014	Felles plan for kultur, idrett, friluftsliv, bibliotek og museum.
Regional plan for Nordfjella 2014-2025	2014	Felles plan for Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud.
Klimaplan for Hordaland 2014-2030	2014	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Regional plan for folkehelse 2014- 2025	2014	
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012	Felles plan for Hordaland, Rogaland, Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder.
Regional transportplan for Hordaland 2013-2024	2012	Revisjon starta opp.
Regional plan for Hardangervidda	2011	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Fylkesdelplan for små vasskraftverk	2009	Regional planstrategi 2016-2020 gjev at planen skal reviderast.
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005	Vert avløyst av regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (på høyring hausten 2015)
Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet	2004	Gjeld for Sveio og Etne i Hordaland. Godkjent av kongen i Statsråd i 2009. Ny plan under arbeid
Fylkesplan for Hordaland	2004	Forlenga inntil vidare til den vert avløyst av nye regionale planar
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland	2001	
Fylkesdelplan for E39 Stord- Bergen	2000	Statleg plan for strekninga er under arbeid
Hamneplan for Hordaland	1999	Godkjent av kongen i statsråd i 2002

Tabell 1 Gjeldande regionale planer

1.4 Regionale planar under arbeid i 2016

Plan	Planlagt vedtak	Merkan
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2017	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2017	
Regional plan for Haugalandet (Hordaland og Rogaland)	Vedteken 2016	Grunna motsegn skal delar av planen handsamast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Utviklingsplan for Indre Hordaland		Utfordringsnotat ligg føre
Regional plan for godshamn i Bergensområdet		Utsett i påvente av Jernbaneverkets KVVU-arbeid for logistikknutepunkt for Bergensområdet.
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	
Regional transportplan 2018-2029	2017	

Tabell 2 Regionale planar under arbeid i 2016

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på høyring i 2015, og har vore under arbeid i 2016. Dette er store og arbeidskrevande planar som har vist seg krevande å ferdigstille. Gjennom 2016 vart det gjort endringar basert på høyringsperiodane. Regional kystsoneplan vert lagt ut for avgrensa høyring i 2017 og begge planane vil bli lagt fram for vedtak i fylkestinget første halvår 2017.

Regional areal og transportplan for Bergensområdet

Planen omfattar kommunane Bergen, Os, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Lindås, Radøy, Meland, Askøy, Øygarden, Fjell og Sund. Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig region. Samhandling på tvers av administrative grenser, sektorar og forvaltingsnivå skal fremje regional utvikling og attraktivitet. Ei konsentrert senterutvikling skal underbygge eit effektivt og miljøvenleg transportsystem med god framkome for befolkning og næringsliv. Planen skal også leggje til rette for utbygging av naudsynt sosial infrastruktur.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger

Planen var på høyring hausten 2015. Planområdet er kommunane Austevoll, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio, Etne, Kvinnherad, Tysnes, Fusa, Kvam og Jondal samt sjøområda i nordre del av Vindafjord kommune, Rogaland. Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlands-regionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Regional transportplan

Regional transportplan (RTP) 2018-2029 er ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i Hordaland. RTP for 2018-2029 er ei rullering av gjeldande Regional transportplan Hordaland 2013-2024 (vedteken i fylkestinget i desember 2012). Planprogrammet vart vedteken av fylkesutvalet 29. januar 2016. Planen tek sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i juni 2017.



2 Kommunal planlegging

Dette kapittelet viser status på kommunal planlegging og handsaming i Hordaland fylkeskommune og andre regionale organ. Statistikken som vert presentert viser i hovudsak berre tal for kommuneplanens arealdel og arealplanar. Store delar av statistikken i delkapittel 2.1, 2.2 og 2.3 er basert på innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune. Statistikken i 2.4 er basert på informasjon frå andre regionale etatar, hovudsakleg Fylkesmannen i Hordaland sine tal. Ulike informasjonskjeder fører til at det kan vere ein feilmargen i overføring av tala til andre etatar. Likevel vil hovudbiletet og trendane gi eit rett bilete av plansituasjonen i Hordaland.

2.1 Kommunal planstrategi

Alle kommunar skal seinast eitt år etter konstituering av kommunestyret vedta ein kommunal planstrategi, som skal vise kommunens planbehov for dei kommande fire åra. Mange kommunar vedtok kommunal planstrategi i 2016.

Vedteken 2016	Venta vedteken i 2017 eller ukjent status
Askøy	Fitjar
Eidfjord	Granvin
Etne	Samnanger
Stord	Modalen
Fjell	
Kvam	
Kvinnherad,	
Lindås	
Masfjorden	
Os	
Osterøy	
Radøy	
Sveio	
Ullensvang	
Ulvik,	
Vaksdal	
Voss	
Bergen	
Tysnes	
Øygarden	
Meland	
Fedje	
Austevoll	
Odda	
Bømlo	
Fusa	
Austrheim	
Jondal	
Sund	



Tabell 3 Kommunale planstrategiar

2.2 Kommune- og kommunedelplanar

Oversikt over kommuneplanar –areal og samfunnsdel


Kommune	Vedtak arealdel	Vedtak samf.del	Planlagt rullering
Askøy	2012	2015	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Venta offentlig høyring i 2018.
Austevoll	2013	2013	Det er venta oppstart av rullering i 2017.
Austrheim	2006	2014	Ny plan var på høyring våren 2016. Forventa vedtak i 2017.
Bergen	2013	2015	Ny plan under arbeid.
Bømlo	2013	2013	
Eidfjord	2011	2015	
Etne	2003	2016	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Venta offentlig høyring i 2017.
Fedje	2013	2013	Kommuneplanens arealdel var på høyring i 2015, og er no endeleg vedteken.
Fitjar	2012		I planstrategien vart det planlagt oppstart av samfunnsdelen i 2014/15. Det er ikkje registrert høyring av planen i 2016.
Fjell	2015		
Fusa	2015	2011	
Granvin	2015	2005	
Jondal	2012	2015	
Kvam	2006	2016	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
Kvinnherad Mauranger Halsnøy Sandvoll, Åkra, Matre Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy Rosendal, Husnes	2005 2008 2012 1989 2003	2000	Kommuneplanens arealdel var på høyring hausten 2016. Grunna motsegn frå regionale organ vart ikkje planen vedteke i 2016. Venta vedtak i 2017.
Lindås	2011	2011	Rullering av kommuneplanen er starta opp. Samfunnsdelen er venta å komme på høyring i 2017.
Masfjorden	2012	2012	Planprogram for rullering av kommuneplanen låg på høyring vinter 2016.
Meland	2014	2014	
Modalen	2015	2015	
Odda	2007	2013	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
Os	2012	2015	Kommuneplanens arealdel er under arbeid.
Osterøy	2011	2003	Kommuneplanens samfunnsdel er under arbeid.
Radøy	2011	2011	Delrevisjon av kommuneplanen er under arbeid.
Samnanger	2003	2007	Kommuneplanens arealdel er under arbeid. Høyring i 2017.
Stord	2011	2011	Kommuneplanen er under arbeid. Venta høyring i 2017.
Sund	2011	2011	Det er venta oppstart av kommuneplanens arealdel i 2017.
Sveio	2011	2011	Kommuneplanen er under arbeid.
Tysnes	2012	2002	Planprogram for rullering av kommuneplanen låg på høyring i 2016.
Ullensvang	2011	2011	
Ulvik	2016	2010	
Vaksdal	2007	2005	Kommuneplanen er under arbeid. Samfunnsdelen venta på høyring i 2017.
Voss	2015	2015	
Øygarden	2014	2014	

T abell 4 Kommuneplanar, areal -og samfunnsdel

Kommune(del)planar på høyring


Kommuneplanen er ein langsiktig og heilskapleg plan som ikkje vert rullert kvart år. Talet på planprogram og planforslag på høyring for kommune(del)planar svingar difor kraftig. Årsaka til det høge talet planprogram på høyring i 2009 er truleg at den nye plan- og bygningslova vart innført. Frå 2009 til 2012 var det nedgang i talet planprogram på høyring. Dette har truleg samanheng med at det vart jobba med planforslag og kommunal planstrategi. Det er truleg denne trenden vi no ser igjen for perioden frå 2014-2016.

I 2013 gjekk talet på planprogram opp, med ein ytterlegare auke i 2014. Ut frå tala frå 2015 og 2016 kan det sjå ut som at det er ein begynnande trend som i perioden frå 2009 til 2010 med nedgang i planprogram på høyring og planforslag på høyring grunna arbeid med planforslag og kommunale planstrategiar. Tre av dei totalt seksten kommune(del)planane som låg på høyring i 2016 var samfunnsdelar til kommuneplan.



Tabell 5 Kommune(del)planar på høyring, planprogram og planforslag

Tema i fråsegna til høyring av kommune(del)planar




Tabell 6 Tema i høyringsfråsegna til kommune(del)plan

Av dei 10 kommunedelplanane som låg til offentlig ettersyn hadde Hordaland fylkeskommune merknader til akvakultur i to av planane. Det var også merknader til to av kommune(del)planane sine føresegner. I seks planar var det merknader til eit av temaområda villrein, kulturminne, landskap, friluftsliv, samferdsle og planfagleg merknader.

Ved innspel til oppstart med planprogram vert det gjerne gjeve innspel til dei fleste interessene der fylkeskommunen har forvaltingsansvar, men det er ofte med særleg fokus på samferdsle/areal og transport og kulturminne og kulturmiljø.

Motsegn til kommune(del)planar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til arealplanar som strir vesentleg med mål i regionale planar eller sektorinteresser som fylkeskommunen har ansvar for å forvalte. Av dei 10 kommune(del)planen som var på høyring vart det fremja motsegn til tre planar. I ein kommune(del)plan vart motsegna fremja grunna omsynet til regionale interesser for villrein. I dei to andre vart det fremja motsegn for akvakultur. I eine planen der det vart fremja motsegn for akvakultur vart det også fremja motsegn for kulturminne og kulturmiljø.




Tabell 7 Motsegn til kommune(del)planer

2.1 Reguleringsplanar


Tal reguleringsplanar

Med oppstart av reguleringsplanar vert detaljreguleringsplaner og områdeplaner registrert saman. Det same gjeld for høyring av reguleringsplanar der også planer til 2.gongs høyring er registrert. Både nye reguleringsplanar og reguleringsendringar er rekna med i tala for planer på høyring.

Det har vore ein jamn nedgang i talet reguleringsplanar til både oppstart og høyring sidan 2008. I 2016 var det ein nedgang i talet oppstartmeldingar i forhold til 2015. Dette har vore ein trend sidan 2013. For høyringar av reguleringsplanar var det i 2016 nokre fleire høyringar registrert enn i 2015.




Tabell 8 Reguleringsplanar til oppstart og høyring



Tabell 9 Talet detaljreguleringsplaner og områdeplaner til oppstart og høyring

Flest reguleringsplanar i Bergen

Bergen, Fjell og Askøy kommune hadde flest reguleringsplanar på høyring og oppstart 2014. Desse kommunane sendte også flest reguleringsplanar på høyring i 2014 og 2015. Dette er kommunar med høge innbyggartal og høg vekst.



Tabell 10 Talet reguleringsplaner på høyring, kommunevis




Prosentvis nedgang i talet reguleringsplanar i dei store kommunane

Omlag halvparten av kommunane hadde ein oppgang i tal på reguleringsplaner frå 2015 til 2016. Frå 2014 til 2015 var trenden motsett, med ein nedgang i talet reguleringsplaner i over halvparten av kommunane. I dei større kommunane som Bergen, Fjell, Os og Stord har det vore ein nedgang, medan mindre kommunar som Fusa, Austrheim og Sveio har hatt ein prosentvis stor oppgang i talet reguleringsplanar.

Kommune	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Askøy	38	30	29	33	36	40	32	43	35
Austevoll	28	29	33	17	13	22	33	21	27
Austrheim	11	2	4	7	3	9	8	2	6
Bergen	114	125	115	110	90	176	89	97	77
Bømlo	49	36	23	10	24	28	29	19	24
Eidfjord	10	12	9	4	3	8	8	6	12
Etne	6	18	7	8	5	12	17	12	12
Fedje	3	7	1	1	0	1	0	1	0
Fitjar	13	8	5	2	3	17	6	6	5
Fjell	36	63	30	38	37	52	42	40	33
Fusa	19	17	7	7	8	5	6	3	15
Granvin	2	5	7	5	8	6	6	4	0
Jondal	0	3	1	1	1	8	8	3	3
Kvam	18	29	22	17	22	23	27	19	10
Kvinnherad	24	35	45	24	18	16	29	17	13
Lindås	24	22	23	26	19	15	20	28	28
Masfjorden	9	8	6	6	5	5	6	6	8
Meland	10	7	4	17	8	8	9	3	7
Modalen	0	1	1	0	1	0	1	2	1
Odda	11	10	6	3	7	2	5	4	10
Os	40	34	19	23	17	26	44	36	32
Osterøy	19	12	4	7	7	7	10	5	11
Radøy	10	5	8	6	6	10	11	11	9
Samnanger	1	1	1	4	9	3	3	3	5
Stord	37	24	11	19	22	22	14	22	13
Sund	14	10	12	11	15	12	6	11	2
Sveio	13	12	18	9	17	5	9	3	9
Tysnes	10	9	4	3	2	8	9	2	3
Ullensvang	2	8	2	0	6	2	4	5	4
Ulvik	4	6	7	3	0	2	1	2	5
Vaksdal	5	5	2	6	3	3	2	2	4
Voss	37	40	27	25	29	26	18	17	24
Øygarden	16	18	13	13	5	10	9	7	9

Tabell 11 Talet reguleringsplaner på høyring

Konklusjonar i fråsegna frå Hordaland fylkeskommune



Tabell 12 Konklusjonar i fråsegna

I 2016 hadde fylkeskommunen 234 planar på høyring. Hordaland fylkeskommune gjev fråsegn til både oppstartmeldingar og reguleringsforslag på høyring.


Hordaland fylkeskommune hadde i 2016 ei stor auke i talet merknader til reguleringsplaner. Dette kan ha samanheng med oppfølging av regionale planar og at det vert gjeve klare innspel til korleis planen kan ta omsyn til regionale interesser. Det var også ei auke i talet planer der det vart konkludert med varsel om motsegn. Motsegn vart fremja i tre av reguleringsplanane som var på høyring.

Tema i fråsegna

Tema som Hordaland fylkeskommune tek opp i fråsegner til oppstart og til høyring er knytt til forvaltingsansvar eller til mål i regionale planar. I kategorien planfagleg ligg mellom anna innspel til prosess, utgreiingsbehov, kvalitet på planmaterialet og andre tema knytt til rettleiing.

Tala frå 2016 syner at det i fråsegn til områdeplaner vart gjeve fråsegn til tema areal og transportplanlegging, senter og tettstadsutvikling, samferdsle og kultur i 30 prosent av planane til oppstart og høyring.


I fråsegn til detaljplanar er det kulturminne og landskap som prosentvis vert mest kommentert. Tema vilt og innlandsfisk og vassforvaltning har avgrensa tal for innspel i reguleringsplanprosessane.



Motsegn til reguleringsplanar

Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til reguleringsplanar som i vesentleg grad påverkar fylkeskommunens sektoransvar eller målsettingar i regionale planar. Alle motsegnene skal vedtakast politisk av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Talet på motsegner til reguleringsplanar er lågt. I 2016 vedtok Hordaland fylkeskommune motsegn til tre reguleringsplanar på høyring.



Tabell 14 Motsegn til reguleringsplanar


Kommune	Plansak	Grunngjeving
Bergen	Hitland, Åsane	Konflikt med regionale retningslinje for handel
Bergen	Dikkedokken	Konflikt med kulturmiljø
Askøy	Askøyparken	Konflikt med regionale retningslinje for senterstruktur

Tabell 15 Saker med motsegn

Dispensasjonar

Dispensasjonar er unntak frå regelen om at planar skal vere i samsvar med gjeldande lov, planar og føresegner. Tala på dispensasjonar må tolkast varsamt, sidan rapporteringsmetodar og dispensasjonsvurderingar kan variere frå kommune til kommune. Tal frå 2003 til 2016 syner at talet på dispensasjonssøknader svingar. I 2016 var det eit toppår med 1921 innsendte søknader om dispensasjon. Men registreringane av dette året kan vere misvisande grunna endra rutine i rapportering. Tala vil bli gjennomgått på nytt i 2017. Ni av desse vart ikkje tilrådd. I seks dispensasjonssøknader klaga fylkeskommunen på vedtak.

Hordaland fylkeskommune handsamar søknader om dispensasjon etter Kulturminnelova § 15s, 19 og 20. Ni søknader vart godkjent som dispensasjon.



Tabell 16 Dispensasjonar

*Endra rutine for registrering kan vere feilkilde.




Arkeologiske registreringar

Dersom planområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne må det gjennomførast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9. Det er føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma og lagt ut til offentleg ettersyn for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikhtar med automatisk freda kulturminne.

Det er tiltakshavar som må bere kostnadene med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Talet på arkeologiske registreringar dei siste åra har lege stabilt på rundt 60 med små variasjonar mellom åra. Det er usikkert kva som er grunnen til nedgangen frå 2014. Ein mogleg grunn er eit mindre tal reguleringsplanar på høyring desse åra.

For 2016 vart det ikkje gjort arkeologiske registreringar i samband med kommune(del)planar. Det vart gjort 19 arkeologiske registreringar for reguleringsplanar og 12 registreringar i andre saker. Under *andre*, kjem registreringar i samband med energi og vassdragssaker (2 stk), landbrukssaker (1 stk) og andre saker (9 stk).



Tabell 17 Arkeologiske registreringar

2.2 Motsegn frå regionale organ

Alle oppstartvarsel og planforslag vert sendt på høyring til regionale og nasjonale organ, som skal sjå til at deira interesser og forvaltingsansvar vert følgt opp i kommunale planar. Desse etatane kjem med fråsegn til planforslaga og kan fremje motsegn dersom planforslaget strir vesentleg med deira ansvarsområde.

Motsegsorgan	Motsegnskompetanse T 2/13 (august 2013)
Andre kommunar	Saker av vesentleg betydning for kommunen
Avinor	Luftfartsanlegg drivne av Avinor
Biskopane/Bispedømma	Kyrkjer og gravplassar
Direktorat for mineralforvaltning	Mineralske førekomstar, massetak og bergverk
Direktorat for samfunnsikkerheit og beredskap	Planar knytt til verksemdar som handterer farlege stoff, transport av farleg gods, brannsikkerheit, herunder tunnellar og underjordiske anlegg.
Fiskeridirektoratets regionskontor	Fiskeri, tang- og tarehausting
Forsvarsbygg	Forsvarets interesser
Fylkeskommunane	Kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, regional plan eller planstrategi, barn og unges interesser, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og akvakultur.
Fylkesmennene	Forureining, herunder støy, lokalluft og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, tilstrekkeleg bustadbygging, folkehelse, barn og unges interesser, universell utforming, samfunnsikkerheit, risiko og sårbarheit, jord- skogbruk og kulturlandskap.
Jernbaneverket	Jernbanar, jernbanetransport
Kystverket	Hamne- og farvassforvaltning, utnytting av sjøområde, kaianlegg, sjøverts transport.
Luftfartstilsynet	Støyomsyn ved lufthamnsdrift og reglane om luftfartshinder, offentlege lufthamner som ikkje er drivne av Avinor.
Mattilsynet	Fiskehelse og fiskevelferd, drikkevatt
Noregs Vassdrags og Energidirektorat	Energi-, skred-, vassdrags og grunnvasspørsmål
Områdestyra for reindriftssaker	Reindrift
Politidistrikta	Kriminalitetsførebygging
Riksantikvaren	Kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser
Sametinget	Samiske kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser. Samisk kultur og næringsutøving.
Statens Vegvesens regionskontor	Riksvegar, vegtransport
Statsbyggs regionskontor	Bygginge- og eigedomspolitik og samfunnspolitiske mål i forhold til arkitektur.
Oljedirektoratet	Etablerte og planlagde landsanlegg og rørleidningar for petroleumsverksemd knytt til utvinning av petroleum på norsk kontinentalsokkel.

Tabell 18 Motsegsorgan

Sidan september 2013 har motsegner frå statlege etatar vorte koordinert gjennom Fylkesmannen i Hordaland. I praksis inneber ordninga at dersom statlege etatar meiner det er grunn for å fremje motsegn, skal Fylkesmannen involverast. Fylkesmannen i Hordaland kan stadfeste trongen for motsegn, men har også høve til å avvise motsegna. I 2014 kom eit nytt rundskriv som skulle utfylle rundskrivet frå 2013. Rundskrivet frå 2014 la opp til at koordinering av motsegner gjennom Fylkesmannen skulle vidareførast. Det vart også gjeve tydelegare retningslinjer der regjeringa la vekt på ein meir effektiv handsaming av kommunale planar. Det vart sett fokus på at det berre kan fremjast motsegn der det er naudsynt for å ivareta nasjonale og viktige regionale interesser, eller andre interesser med stor samfunnsmessig verdi. Den som fremjar motsegna må tydeleg vise kva nasjonal eller regional interesse motsegna er knytt til.

Plansaker til mekling hos Fylkesmannen

Motsegn inneber at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen. I praksis betyr det at planvedtaket vert utsett til ein har funne ei løysing med den motsegnsininstansen som har fremja motsegna. Dersom det ikkje vert semje mellom kommunen og motsegnsininstansen går saka til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Kommune(del)plan	3	2	0	3	3	1	1	0	0
Reguleringsplan	16	9	20	7	1	6	2	5	5
Meklingar totalt	19	11	20	10	4	7	3	5	5

Tabell 19 Talet plansaker til mekling hos Fylkesmannen

	Sak	Motsegn frå	Motsegnstema	Resultat
Kvam	Strandebarm	Fylkesmannen i Hordaland	Dyrka mark	Mekling førte fram
Kvam	Gråsteindalen	Fylkesmannen i Hordaland	Friluftsliv, ålmenn tilgjenge, landskap og naturinngrep	Resultat av mekling ikkje endeleg avgjort
Kvam	Tryglakleiv	Fylkesmannen i Hordaland	Friluftsliv, ålmenn tilgjenge, landskap og naturinngrep	Resultat av mekling ikkje endeleg avgjort
Austevoll	Kalvanes	Fylkesmannen i Hordaland	Konflikt med overordna plan, strandsone	Resultat av mekling ikkje endeleg avgjort
Bergen	Skiparviken	Hordaland Fylkeskommune	Kulturminne og kulturmiljø	Mekling førte fram

Tabell 20 Saker til mekling hos Fylkesmannen

I 2015 vart det gjennomført mekling for reguleringsplan for Mølleneset, Bergen kommune der Hordaland fylkeskommune hadde motsegn. Saka vart sendt vidare til departementet for avgjerd. Departementet gav i 2016 fullt medhald i motsegna frå fylkeskommunen.

Kommunedelplan for E39, parsell Heiane- Ådland vart også sendt til avgjerd hos departementet grunna motsegn frå Statens Vegvesen og Fylkesmannen. Denne saka er framleis i prosess.

3 By- og tettstadsutvikling

Lokalt og regionalt samarbeid

Å styrke den urbane kvaliteten i sentrum kan gje positive ringverknadar i form av auka næringsutvikling, meir liv i sentrum og auka trivsel for lokalsamfunn og besøkande. Lokalisering av fleire aktivitetar til sentrum og funksjonsmangfald kan gje synergieffektar både på kort og lang sikt.

«Suksessfaktoren» for gode resultat i tettstadsutvikling har vist seg å vere godt organiserte og breie samarbeidsprosessar lokalt og regionalt. Offentleg/privat samarbeid, engasjement og eigarkjensle blant innbyggjarar og næringsdrivande kan vere ein føresetnad for å få gjennomslag for større sentrumsprosjekt som i praksis krev stor innsats - og midlar - over mange år for å verte realisert. Dei fleste kommunane har difor valt å dele sine prosjekt opp i fleire trinn for å lukkast med gjennomføringa.

Fylkeskommunen samarbeidde i 2016 med ei rekke kommunar om by- og tettstadsutvikling, og formidla tilskot m.a. til stadanalyser, utviklingsstudiar og til planlegging og realisering av fysiske prosjekt.

Tilskot til planleggingsprosessar og prosjekt

Utvikling av attraktive senter i Hordaland er eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN). Relevante prosjekt med dette som føremål kan også få støtte frå midlar knytt til HNN. Tabellen syner prosjekt som fekk tilskot frå Handlingsprogram for næringsutvikling i 2016.

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Kvinnherad	Utviklingsprogram for Husnes som regionsenter	200 000
Jondal	Landsbyttorg og sjøfront	700 000
Vaksdal	Stadanalyse og utgreiing for Stanghelle	500 000
Osterøy	Mogeleghetsstudie Lonevåg	200 000
Fusa	Sentrumspark i Strandvik	350 000
Os	Liv på Øyro	450 000
Kvam	Vidareutvikling av Norheimsund	100 000
Sveio	Stadanalyse Sveio sentrum	100 000
Total sum		2 600 000

Tabell 21 Tilskot frå HNN midlar

Det vart også gjeve tilskot til partnerskap for kommune- og tettstadsplanlegging til utarbeiding av utviklingsstudiar, stadanalyser m.m.

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Vaksdal	Utviklingsstudie, stasjonsbyen Vaksdal	150 000
Voss	Rural urbanitet, offentlige rom og møteplassar på Voss	100 000
Meland	Frekhaug sentrum- gode utandørs møteplassar og gangsonar	100 000
Stord	Den tette byen- mogeleghetsstudie	100 000
SUM		450 000

Tabell 22 Partnerskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune

4 Rettleiing og kompetanseutvikling

Hordaland fylkeskommune legg vekt på god dialog, rettleiing og kompetanseutvikling. Det er fokus på dette mellom anna gjennom handsaming av kommunale plansaker, fagsamlingar med erfaringsutveksling, regionalt planforum, konferansar og informasjon via internett. I tillegg jobbar Hordaland fylkeskommune mot universitet- og høgskulemiljø for å bidra til forskning og utdanningstilbod innanfor planlegging.

Introduksjonsdag for nye planleggarar

Fyrste gong Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Kartverket i Bergen arrangerte introduksjonsdag for nyleg tilsette planleggarar i kommunane var i juni 2015. Dette var ein suksess, og vi har ambisjonar om å la dette vere eit årleg arrangement. Målet med introduksjonsdagen er å gjera det lettare for tilsette i kommunane å få eit overblikk over ansvar og arbeidsmåtar for dei tre regionale etatane, og å få møta aktuelle medarbeidarar hos etatane. Det er også eit mål å gje deltakarane oversikt over korleis ein kan henta råd og støtte for kommunalt planarbeid. I tillegg ønskjer fylkeskommunen å bidra til å skape nyttige nettverk. 7. juni 2016 hadde vi ni deltakarar på introduksjonsdagen, som kom frå kommunane Askøy, Austevoll, Bergen, Etne, Lindås, Os og Øygarden.

Plannettverk

Hordaland fylkeskommune legg vekt på å auke plankompetansen i fylket gjennom planfaglege nettverk. Dei regionale plannettverka fungerer som ein møteplass for alle som er involvert i kommunal planlegging, reguleringsplanar eller relevant sakshandsaming. Plannettverket er eit etablert tilbod som har fått stor oppslutnad og som bidrar til høgare plankompetanse i kommunane.

I plannettverk vert dei som er involverte i kommuneplanlegging invitert til nettverkssamlingar med ulike tema for å auke kunnskapsnivået i kommunane. Planseksjonen er sekretariat for plannettverka og samlingane finn som regel stad i Fylkeshuset. I 2016 var det fire plannettverksmøte med følgande tema:

Tid	Tema
Januar	Statlege planretningslinjer
April	Universell utforming
September	Sentrumsutvikling
November	Kulturminne og PBL

Tabell 23 Plannettverksmøte i 2016

Regionalt planforum

Regionalt planforum er eit samarbeidsforum for kommunalt og regionalt nivå, der kommunane har høve til å diskutere planarbeid med regionale myndigheiter samla. Det er Hordaland fylkeskommune som leier og koordinerer planforum.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Kommune(del)planar	14	9	9	5	16*	12*	5**
Områdereguleringsplanar	4	9	4	2	7	3	3
Detaljreguleringsplanar	1	0	2	1	1	2	
Regionale planar	5	1	1	2	0	0	1
Totalt	24	19	16	10	23	17	9

Tabell 24 Regionalt planforum

*Ein av planane var statleg plan og ein av planane var interkommunal temaplan

** Ein av plan var planstrategi

Planar som er tekne opp i planforum er i hovudsak kommune(del)planar, men områdeplanar og større detaljplanar har også vorte lagt fram i planforum.

Dato	Kommune	Planarbeid
26.januar	Odda	Områderegulering for smelteverkstomta
23.februar	Os	- Rullering av kommuneplanens arealdel - Områderegulering for Osøyro
26.april	Hordaland fylkeskommune	Utkast til regional planstrategi
	Bergen kommune	Kommunal planstrategi Bergen kommune
30. august	Bergen kommune	Strategisk planprogram for Laksevåg
27.september	Samnanger kommune	Kommuneplanens arealdel
29.november	Osterøy kommune	Kommunedelplan for sjø –og strandsone
13.desember	Askøy kommune	Planprogram for rullering av KPA

Tabell 25 Oversikt over planar drøfta i planforum i 2016

Forum for regionsenterkommunar

I 2016 vart det starta opp arbeid med å etablere eit forum for regionsenterkommunar. Føremålet med forumet er å fungere som eit samarbeidsorgan for dei ti kommunane i Hordaland med regionsenter (Askøy, Bergen, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Odda, Os, Stord og Voss) og Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen.

Bakgrunnen er den regionale planen for attraktive senter i Hordaland der det er gjeve mål om å utvikle attraktive regionale senter, som grunnlag for vekst i heile fylket. Ansvar er delt mellom kommunane, fylket, staten og private. For å få til dette er det viktig med god samhandling. Ved å legge til rette for eit forum for regionsenterkommunar er det mål om å skape eit godt miljø for kunnskaps- og erfaringsdeling, og å koordinere og samordne bruken av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter.

Plankonferansen 2016 - Planlegging for god folkehelse

Plankonferansen 2016 Planlegging for god folkehelse var tema under plankonferansen i 2016 som vart arrangert 25.- 26. oktober i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland. Planlegging for god folkehelse er eit svært aktuelt og tverrfagleg tema og noko som synte ei rekord i talet deltagarar (omlag 280 stk) og eit breiare fagmiljø enn tidlegare år.

Det vart gjennomført plenumsamlingar der overordna og generelle tema vart presentert, og tre sesjonar som spissa utvalde tema: Inkludering og livskvalitet - utforming av by og tettstad - møteplassar for leik og fysisk aktivitet for alle. Det var god deltaking på alle tre sesjonane.



Livskraftige urbane bumiljø ved Tina Sinclair



Poetisk kveik ved Ruth Lillegraven



Skråblikk ved Leo Ajkic


Forsking og utdanning

Hordaland fylkeskommunane har ansvar for å styrke forsking som kan fremje utvikling i fylket vårt. Vi jobbar med å auke forskingsinnsats i privat og offentleg sektor og stimulere til forsking som bidrar til innovasjon og verdiskaping. Dette gjer vi gjennom å samarbeide med andre aktørar i eige fylke, regionalt og nasjonalt.

«Forskningsbasert kunnskap gir grunnlag for auka verdiskaping og betre oppgåveløysing.»

- Regional Forskningsstragi i Hordaland

Prosjekt	Om prosjektet	Leiting av prosjektet	Vår deltaking
Govland	Forsking om statleg styring av kommunane innan areal- og naturressursforvaltning.	Universitetet i Bergen med internasjonale samarbeidspartar	Brucarrepresentasjon frå Planseksjonen
Spaceergy	Forsking med føremål å utforska energivenlege plan- og utbyggingsformer.	Høgskolen i Bergen med internasjonale samarbeidspartnarar	Planseksjonen er brukarrepresentant
Coreplan	Kunnskapsinnhenting om korleis naturens godar betre kan verdsettast og innlemmast i planverket. Studie av løysingar for ein meir heilheitleg og berekraftig forvaltning av areala i kystsona.	Nofima / Tromsø	Representasjon frå Planseksjonen i refereansegruppa
PlanCoast	Undersøker rammevilkårene for ei heilheitleg forvaltning av areal og ressursar i kystsonen på tvers av sektorar og styresmaktnivå.	NMBU og NIBR	Representasjon frå Planseksjonen i refereansegruppa
HordaKlim	Undersøking om korleis nye typar av klima-projeksjonar på lokalt nivå kan bli skreddersydd for å møte kommunane sine behov for tilpassing til klimaendringar.	Uni Research, støtta av RFF	Representasjon frå Planseksjonen
HordaPlan	Oppfølging av «HordaKlim» ved å studere korleis kunnskapen kan bli implementert og inkludert i planaktivitet og beslutningstakingsprosessar på lokalt nivå. Utvalet i studia består av seks kommunar.	Uni Research, støtta av RFF	Representasjon frå Planseksjonen
KLIMATT	Samling, utvikling, tilgjengeliggjøring og aktiv formidling av kunnskap om samordnet areal- og transportutvikling for mer attraktive og klimavennlige byer.	Transportøkonomisk institutt	Representasjon frå Planseksjonen




AKTUELLE TENESTER

<p>Tannklinikane i Hordaland</p> <p>Oversikt over alle offentlege tannklinikkar og søk etter din tannklinik.</p>	<p>Søk drosjeløyve</p> <p>Det er for tida ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde, Ålvik, Nordhordland og Samnanger. Løyva er behovsprøvd, og talet på løyve er avgrensa og underlagt politisk vurdering.</p>	<p>LivOGLyst i ditt lokalsamfunn</p> <p>LivOGLyst er eit program og nettverk for deg som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet ditt. LivOGLyst er ei satsing der menneske, næringsliv, organisasjonar og kommunar samhandlar.</p>
-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Ein viktig del av rettleiings- og informasjonsarbeidet om fylkeskommunen sin planaktivitet, rådgjeving, dialog og kompetansebygging skjer på nettsida www.hordaland.no under tenesteområde plan og planarbeid.

Hordaland fylkeskommune fekk i 2016 nye nettsider. Tala som er registeret her syner statestikk etter at dei nye nettsidene vart lanserte i mars 2016. Det er redaksjonelt samarbeid om internett både internt på regionalavdelinga og med kommunikasjonsansvarlege i fylkeskommunen.



Tabell 26 Trafikk på dei ulike nettsidene til Hordaland fylkeskommune under tema plan og planarbeid. Grafen syner ikkje alle tema.

FOLKEHELSEBLUES

Dikt skrive av Ruth Lillegraven
til plankonferansen i Hordaland 26.10.16

først er det
berre himmelen
fjella, lyset

først er det
berre blått i blått
grått i grått
vått i vått

først er det
berre grøftegraset
risleraslauvet og
sundagsskyene

snart hit, snart dit

fram og tilbake

og under jorda
spira

små grønne fingrar
som strekkjer og
strekkjer seg

gjennom molda
mørke modermolda

mot lyset
mot lyset

spira
blir til strå
til buskar og tre

det blir fleire folk
fleire hus, fleire vegar
gater, portrom og torg

så kjem me

me kjem til verda
nakne og forsvarslause
men i varme, mjuke senger

me kjem til verda
til jubel og fanfarar, til
jordmorbesøk, helsestasjon
halvårskontroll, eittårskontroll
fireårskontroll, tannlegekontroll
og små helikopter i miniatyr, til
leikeplassar, bålplassar og
badeplassar

og i parken
skiftar trea og
blir kvite og grønne
og gule og kvite
og grønne igjen

me får fleire barn
større hus, og
mindre tid

all tida berre
renn gjennom oss
piplar ut huda vår

me merkar henne ikkje
me trur det berre er varmen

og brått sit barnet *vårt* der
med det vesle barnet *sitt*
i armane, og lyser

å barnet mitt, å barnet ditt
– der er du jo, så *skal* slekt
følge slekters gang

og trea skiftar
og blir grønne og trea
skiftar og blir gule og
tre skiftar og blir grå
og tre skiftar og blir
kvite og tre skiftar
og blir grønne

så kjem
det sjuande
barnebarnet
ho som skal
bli det siste

det er då
me merkar det
for første gong

merkar kor tungt
det har blitt, å kome seg
opp trappene og ned trappene

sidan sit me der
sit med dei andre gamle
dei *verkeleg* gamle, sit med
dagsrevyen på, et knekkebrød
og drikk te

sidan døyr me
slik me kjem til verda
nakne og forsvarslause
i mjuke, varme senger

MEN alle dagane mellom
då lever me, som kjent, og
under over alle under: *heile
denne tida* er det nokon som
hentar søpla vår, heile denne
tida er det nokon som brøyter
og strøyr gata vår

heile denne tida er det nokon
som sørgjer for at det strøyrer
lys ut frå veggene og taket, lys me
kan tenne om morgonen og sløkkje
om kvelden, heile denne tida er det
nokon som gir oss vatn frå kranen
vatn å pusse tennene med, vatn
å vaske kroppar og klede
og koppar og kar med

heile denne tida
er det nokon som gir oss
varme ut frå veggane og
opp frå golva

varme og lys og vatn

stader å møtast
stader å lære
stader å leve

stader å kjempe på
og stader å kvile på

alt dette som
me tek så sjølvst

alt dette me ikkje
klarar oss utan

kommune, seier folk
fylkeskommune, seier folk
stat, seier folk, tenkjer skjema
og skrankar, tenkjer budsjett
og rekneskap og raude tall
tronge tal som klør og klør

tenkjer notat på notat
papir på papir og
støv på støv

ja, seier eg, slik er det

men det er også
asfalt og kablar

kloakkanlegg

og straumliner

skular og
skuleplassar

bibliotek og
butikkar

det er også
stein på stein
tanke på tanke
og hand på hand

det er også alle desse
som rakar plenar, snekrar
klatrestativ, reinsar basseng

og det er
alle desse som me ikkje ser
desse ofte usynlege, ofte utskjelte

desse som reknar og planlegg
tenkjer og teiknar, prøver trylle
tronge tal og teikn til murstein og
brustein, til gater og sykkelstiar
som rullar seg ut, meter for
meter

til hus
som reiser seg
etasje for etasje

alle desse
hendene og hovuda
alle desse *menneska*
som reknar og tenkjer
analyserer og planlegg

som prøver skaffe
lys og varme også til
dei som har minst og
treng det mest, dei
på utsida og på
nedsida

ja ---
fylkeskommune, seier eg
kommune, seier eg
stat, seier eg

tenkjer *kjærleik*
varme hender og
klare hovud

rett nok kan det
bli litt mykje i blant
litt mykje av alt, litt
mykje på skrivebordet
i innboksen og i hovudet
alt dette me skyv unna og

utset, avskriv, nedskriv

men likevel, tenk!
på alt de gjer og
alt som skjer

alle bygg
som reiser seg

alle bygg som
blir ståande

alt vatn som strøymer

alt lys som strøymer
alle røyr som går
hit og dit

så me andre
kan gjere alt det andre
puste og sove, elske og
sørgje, gråte og le

trea skiftar og blir gule
no blir dagane kortare
kjøligare og mørkare

no treng me for alvor
lys, varme og tak
over hovudet

no er det stille
på badestrendene
og på leikeplassane

ei god stund
skal det vere stille

men så skal
trea skifte og
bli grønne att

så skal det igjen vere
hår og hud og hender
sol og salt og sjø
fryd og gaman

så kjem dei gamle med
rullatorane og stavane sine
ned trappene frå leiligheitene
ned gatene, over plassane og
inn i parkane, der ungane
hoppa opp og ned og
hit og dit, der ballar
sprett og sykklar
sjanglar

ja, alt dette skal skje
alt dette nærmar seg

alle fargane, alt det grønne
alt det raude og blå og gule
alt som skiftar, igjen og igjen

og all denne tida:
alle timane, dagane
og vekene

månad
etter måned
og år etter år

klikketiklikk
klikketiklikk
klikketiklikk

dei sorgtunge dagane
dei håpefulle dagane
dei skrekkfrydblanda
dagane

lyset, varmen, vatnet

blått i blått
grått i grått
vått i vått
alt i alt

og under jorda:
den nye spira

små grønne fingrar
som strekkjer og
strekker seg

gjennom molda
mørke modermolda

mot lyset
mot lyset



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

